**DEN NORSKE KYRKJA**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

# SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD
# Møteprotokoll

**Møtedato: Møte nr. 2/ 2025 – Tysdag 25. Mars 2025, kl 16.30**
**Møtestad: Sveio Soknehus**

**Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:**

Frå Førde & Valestrand sokneråd:
Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Frå Sveio sokneråd:
Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Anne Gjelsvik Vierdal, 2. vara Sigrund Breistig.

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Eirik Aadland Tappel

**Fråfall** vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Eirik Aadland Tappel (SM)

**Tekst for dagen vart ikkje halde i Soknepresten sitt fråvær.**

**Saker som vart handsama:**

**Godkjenningssaker.**
*10/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 040225.*

***Drøftings- og godkjenningssaker.***
*05/2025 Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Medarbeidar.*
*Utsett til møtet i mai.*
*11/2025 Rekneskap 2024, vedlegg 11/2025*
*12/2025 Budsjett 2025 - godkjent ramme for kommunalt tilskot 2025, vedlegg 12/2025.*
*08/2025 Justering av honorarsatsane ved deltaking i SR og FR. Sak utsett frå 040225, vedlegg 08/2025.*
*13/2025 Ny gravplassarbeidar etter Jeroen Bode som slutte 250325.*
*Val av intervjuutval og tilsetjingsutval.*

***Orienteringssaker.***

*14/2025*

- A. *Staben vår.*
- B. *Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.*
- C. *Rehabilitering av tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.*
- D. *Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging.*
- E. *Budsjettramme kommunalt tilskot 2025.*
- F. *NY 040225: Elevar frå ungdomsskulen på arbeidstrening i FR.*
- G. *NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta.*
- H. *NY 040225: «Medarbeidarfest» onsdag 040625.*
- I. *NY 040225: Utlysing av ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.*
- J. *NY 250325: Status tilsettingsprosessen Diakon/ Diakonimedarbeidar.*
- K. *NY 250325: Status ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.*
- L. *NY 250325: Nytt alternativ for konfirmantane, vedlegg 09/2025 K*

***Neste møte 13.05.25, kl 16.30 – kjente saker.***

- *Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 250325.*
- *Tilbakemld frå utvalet som skal vurdera ressurs- og disponeringsbehov i kyrkja sin STAB, sak 16/2024 og 02/2025.*
- *Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Medarbeidar, Sak 05/2025 - utsett frå 040225.*
- *Møteplan for hausten 2025.*
- *Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.*
- *Oppfølgingssak r frå 040624, 030924, 291024, 191124, 031224 og 040225, 250325..*

**Sveio, 21.03.2025**

**Sign**

| | |
|---|---|
| **Solfrid Lier Habbestad** | **Rita Holmedal** |
| **Leiar Fellesrådet** | **Kyrkjeverje** |

**GODKJENNINGSSAKER.**

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | | SAKSPAPIR |
|---|---|---|---|
| **Møtedato** | **Saksnummer** | **Saksbehandlar** | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 10/2025 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**Sak 10/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 040225.**

Det var ingen merknader til Innkallinga eller møteprotokollen.

**DRØFTINGSSAKER.**

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | | SAKSPAPIR |
|---|---|---|---|
| **Møtedato** | **Saksnummer** | **Saksbehandlar** | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 05/2024 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**05/2025 Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Kontormedarbeidar.**

*Saka er utsett til etter at utvalet som skal vurdera ressurs- og disponeringsbehovet i STABEN, har avslutta arbeidet sitt.*

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | | SAKSPAPIR |
|---|---|---|---|
| **Møtedato** | **Saksnummer** | **Saksbehandlar** | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 11/2025 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**11/2025 Rekneskap 2024.**

**Dokument i saka:** Vedlegg 11/2025.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 250325:**

Rekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk (overskot) på kr 143 027,05.

Gjennomgang av Rekneskapen – spørsmål, avklaringar og merknader.

Rekneskapen for 2024 er ikkje godkjent av revisor pr dato.

**Behandling i møte 250325:**

Rekneskapen vart gjennomgått av Kyrkjeverja, og spørsmål avklara.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 250325:**

Rekneskapen for 2024 vert godkjent som framlagt under føresetnad av godkjenning frå revisor.

**Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:**

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | | SAKSPAPIR |
|---|---|---|---|
| **Møtedato** | **Saksnummer** | **Saksbehandlar** | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 12/2025 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**12/2025 Budsjett 2025 - godkjent ramme for kommunalt tilskot 2025.**

**Dokument i saka:** Vedlegg 12/2025.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 250325:**

Det kommunale tilskotet er auka med 4% frå 2024, og utgjer kr 190 000. Auken skal dekka forventa auke i lønns- og utgiftskostnad.

Detaljebudsjettet for 2025 tar utgangspunkt i rekneskapen for 2024. Lønns- og utgiftspostane vert auka tilsvarande det kommunale tilskotet med 4%.

**Behandling i møte 250325:**

Møtet tok Kyrkjeverja sitt framlegg til orientering.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 250325:**

Budsjette for 2025 vert godkjent som framlagt i møtet - Detaljebudsjettet for 2025 tar utgangspunkt i rekneskapen for 2024. Lønns- og utgiftspostane vert auka tilsvarande det kommunale tilskotet med 4%.

**Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 250325:**

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | SAKSPAPIR | |
|---|---|---|---|
| **Møtedato** | **Saksnummer** | **Saksbehandlar** | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 08/2025 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**08/2025 Justering av møtegodtgjerdsle/ honorar ved deltaking i SR og FR. Sak utsett frå 040225.**

**Dokument i saka:** Vedlegg 08/2025.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 250325:**

Kyrkjeverja har vore i kontakt med dei andre Fellesråda i Sunnhordland, samt Tysvær – alle via Kyrkjeverjene.

Dei fleste følgjer kommunen sine satsar, og dei fleste byggjer på Ordføraren si årlege godtgjerdsle (lønn) – denne er sett til 90% av stortingspolitikarane si årlege godtgjerdsle. Godtgjerdsla til andre folkevalde vert så sett som ein prosent av Ordføraren si godtgjerdsle. Satsane vert justert årleg.

Vedlagt er ei oversikt som viser kva satsane for 2025 utgjer for dei ulike utvala.

Våre satsar pr dato er kr 418,00 pr møte for FR-medlemmar og kr 334,00 for SR-medlemmar. Leiar har i tillegg hatt eit honorar på kr 8000 i FR og kr 4000 i SR.

Om vi tar utgangspunkt i kommunestyret si årlege godtgjerdsle på kr 6 323,00 pr år – blir det kr 527,00 pr møte om ein legg opp til eit møte pr mnd – slik ein gjer i Sokneråda.

Det har tidlegare vore ca kr 100,00 i differanse på godtgjerdsla i FR og SR – der FR har hatt ein høgare sats enn SR.

**Behandling i møte 250325:**

Kyrkjeverja gjekk gjennom saksdokumentasjonen, og spørsmål vart avklara.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 250325:**

Medlemmar av FR får ein sats pr møte på kr 527,00 pr møte dei deltar på – leiar eit tillegg på kr 6323,00.

Medlemmar av SR får ein sats pr møte på kr 427,00 pr møte dei deltar på - leiar kr 5323,00.

Desse satsane gjeld for 2025 og blir regulert årleg i samsvar med godtgjerdsla for kommunestyret.

Utbetalinga blir effektuert over lønn i desember kvart år.

**Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 250325:**

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | SAKSPAPIR | |
|---|---|---|---|
| **Møtedato** | **Saksnummer** | **Saksbehandlar** | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 13/2025 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**13/2025 Ny gravplassarbeidar etter Jeroen Bode som slutte 250325**

**- val av intervjuutval og tilsetjingsutval.**

**Dokument i saka:** Ingen.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 250325:**

Utvala skal i utgangspunkt vera samansette av medlemmar av FR og Kyrkjeverja.

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjeverja leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet, Solfrid Lier Habbestad og arbeidsleiar på gravplassane Hilde Ekornsæter bistår. Sistnemnde er vurdert ut frå si rolle som arbeidsleiar og med grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsetjingsprosessen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny Gravplassmedarbeidar.

**Behandling i møte 250325:**

Leiar i Fellesrådet gjorde merksam på at nestleiar gjekk inn i intervju- og tilsetjingsutvalet i staden for henne – ho meinte han hadde meir kunnskap om dette arbeidsområdet enn henne.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 250325:**

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjeverja leiar intervjuprosessen, nestleiar i Fellesrådet Tor Helge Hardeland og arbeidsleiar på gravplassane Hilde Ekornsæter bistår. Sistnemnde er vurdert ut frå si rolle som arbeidsleiar og med grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsetjingsprosessen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny Gravplassmedarbeidar.

**Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 250325:**

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

**ORIENTERINSSAKER.**

| SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD | | | SAKSPAPIR |
|---|---|---|---|
| Møtedato | Saksnummer | Saksbehandlar | **Arkiv** |
| 25.03.25 | 14/2025 | Rita Holmedal | Websak: XX/X-XXX |

**A. *Staben vår.***
*040624: Ingrid slutta 290224, Haldis går av som førtidspensjonist 010225. Brit slutte 300924.. Anne skal ha svangerskapspermisjon fom 13.12.24 tom 07.08.25 + ferie.*
*Status 291024: Det vert effektuert vikar for stillinga til Anne i hennar permisjon.*

**B. *Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.***
*040624: Arbeidet her er planlagt med eigne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025.*
*Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.*
*Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.*
*Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.*
*Status 250325: Prestesakristiet vart ferdigstilt til innsetjing av ny sokneprest 090225. Arbeidet med noverande dåpssakristi/ kjøkken er under planlegging.*

**C. *Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.***
*Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.*
*Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjeverja følgjer opp.*
*Status 250325: Ny oppdatert søknad vert sendt i løpet av hausten.*

**D. *Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.***
*040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet. Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624. Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.*
*Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.*
*Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.*

E. ***Budsjettramme kommunalt tilskot 2025,*** *vedlegg sak 31/2024 F. Det er framlegg om ei auka ramme på 4%. Endeleg godkjenning i kommunestyret 16.12.*
*Status 040225:* *Kommunestyret innstilte på ei ramme på 4%.*

F. ***NY 040225: Elevar frå ungdomsskulen på arbeidstrening i FR*** *kvar tysdag kl 12.20 – 13.40 fram mot sommarferien. Ansvarlege i STAB: Eirik, Hilde og Rita.*
*Status 250325: Ei av elevane er med vidare, og har møtt opp kvar gang - med unntak av eit fråvær pga gravferd og heildagsprøvar mm.*

G. ***NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta*** *er etterspurde på Heimesida til kyrkja, og blir lagt ut så snart som muleg.*

H. ***NY 040225: «Medarbeidarfest» onsdag 040625.***

*Nytt namn på festen? Ansvarlege for festen er STAB, PROGRAM – musikals innslag, helsingar ved prost, ordførar mm.*

I. ***NY 040225: Utlysing av ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.***

*Søknadsfrist er 090325.*

*Intervju: 19-21.0325.*

*Frist for SR si uttale: 020425.*

*Frist for forslag frå prost: 070425.*

*Dato for tilsettingsråd: 090425*

J. ***NY 250325: Status tilsettingsprosessen Prosjektleiar for besøkstenesta innan diakoni.***

*Oddrun Rosenberg Jacobsen har fått tilbod om stillinga og akseptert – ho vil ta til i stillinga 010625.*

K. ***NY 250325: Status ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.***

*Prosessen er i gang, og tilsetjing vil etter planen skje 090425. Det er 2 søkjarar til stillinga.*

L. ***NY 250325: Nytt alternativ for konfirmantåret 2025/2026, vedlegg 09/2025 L.***

*Sokneprest Eirik Aadland Tappel orienterte om det nye alternativet, som gir konfirmantane høve til Londontur i tillegg til Camp Norefjell.*

M. ***NY 250325: Stiftspraksis med Elisabeth Fauskanger 250325-270924***

*Sokneprest Eirik Aadland Tappel vil ha ansvar for oppfølginga lokalt, medan Olav J Oma vil vera ekstern vegleiar.*

Rita Holmedal – Kyrkjeverje/ referent

Signaturar: